



Skatteetaten

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

ORG.NR. 935 084 733 MVA - LINDÅS KOMMUNE FLEIRE OPPLYSNINGAR

Skattekontoret viser til pågåande kontroll av kompensasjonsoppgåva for 6. termin 2014 og 1. termin 2015 i Lindås kommune.

Skattekontoret treng litt fleire opplysningar for å avslutte kontrollen.

Helse- og sosialbustader som vert leigd ut

Det er opplyst at kommunen i all hovudsak krev kompensasjon for helse/omsorgsbustader som vert leigd ut, og ikkje av sosialbustader som vert leigd ut. Til saman er dette snakk om ca 149 einingar det vert krevd kompensasjon for.

Under den stadlege kontrollen hos Lindås kommune fekk kontrollørane framlagt ei liste over desse bustadane (teneste 2651 omsorgsbustader). Skattekontoret legg til grunn at det ikkje er krevd kompensasjon for sosialbustader som vert leigd ut utanom teneste 2651.

Under den stadlege kontrollen vart skattekontoret informert om kva bustader som var døgnbemanna av personell.

Dette var:

20100 Røsvikreken avlastningsbustad
20400 Kvernhusmyrane I
20500 BUF PU Røsvikdalen
20700 Kvernhusmyrane II
20800 Storhaugen buf.
21200 Omsorgsbustader Ostereidet
21300 Kvassnesveien buf
21400 Einelia-Såtabu II (8 buf)
22000 Myrane buf
22100 Krossaleitet buf
22300 Stellanemarka burettslag

Skattekontoret ber om å få opplyst kva "døgnbemanna" inneber for ovannemde bustader.

Saksbehandlar Brigt Strømme	Dykkar dato 05.05.2015	Vår dato 26.05.2015
Telefon 55573576	Dykkar referanse Jorunn Kjøde Fosse	Vår referanse 18575151

Unntatt offentlighet Offl. § 13, mval. § 13-2	Arkivnr. 2015/167094
--	-------------------------

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
27. 05. 2015	
Ark. saksnr. 14/7949	Løpernr.
Saksnr. LIFASU	Tilgangskode

Postadresse
Postboks 8103
4068 STAVANGER

Kontoradresse
Se www.skatteetaten.no
Org.nr.
991 733 108

Sentralbord
800 800 00
Telefaks
51 91 73 01



For dei øvrige utleigebustadane i kommunen ført under teneste 2651 Omsorgsbustader, har skattekontoret motteke ei liste over leigetakarane, med einsskilte stikkord om bebuaren: "psyk. helseteneste, heimesjukepleie, heimesjukehjelp, tryggleiksalarm, middag, ingen tenester" Det er ikkje gjeve nokon skildring av korleis bustadkomplekset er innreia/særskilt tilrettelagt for bebuaren. (Alt på eitt plan, breie dører, ingen tersklar, spesialbad/kjøkken etc) Tilknytt vaktssystem/base? Geografisk nærleik til spesielle tenester?) Det må vere spesielle høve ved bustaden som gjer at bebuaren får denne i staden for kva som helst anna bustad, og den som bur i bustaden må faktisk også ha slike behov som bustaden er tilrettelagt for.

Det er framlagt tildelingsvedtak på desse bebuarane, men tildelingsvedtaka er svært lite informative. Det er ikkje mogeleg ut ifrå framlagte tildelingsvedtak å ta stilling til om den einsskilte bebuar treng ein særskilt tilrettelagt bustad.

For å lette kommunens, revisors og skattekontoret sin kontroll, bør tildelingsvedtaka m.a innehalde fylgjande:

- historikk
- beskrivelse av livssituasjonen
- årsak til behov for kommunal hjelp til å finne bustad
- heimel for tildeling av bustaden

Nordhordlandshallen-Lindåshallen

Kommunen har krevd full kompensasjon for oppføring og drift av Lindåshallen, mens det er krevd 50% andel kompensasjon for drift av Nordhordlandshallen.

Dersom eit idrettsanlegg berre vert brukt av kommunen til kompensasjonsberettiga aktivitet, får kommunen full kompensasjon for mva. Det vert ikkje gjeve kompensasjon dersom anlegget/bygget vert utleigd eller seldt, jfr § 4, 1. ledd nr 3 i kompensasjonslova. Det ligg føre utleige dersom eit idrettsanlegg stillast til disposisjon for brukar mot vederlag. Dersom brukar berre betaler eit heilt symbolsk beløp, f.eks. til dekning av vask, er det ikkje snakk om utleige. Skattedirektoratet har lagt til grunn at det er kun faktiske utgifter til sjølve vaskinga etter idrettslag eigen bruk som fell inn under uttrykket symbolsk. Det skal difor svært lite til før betalinga vert meir enn symbolsk.

Dersom idrettsanlegget blir brukt både til aktiviteter som gjev kompensasjon og til bruk som ikkje gjev kompensasjon, er det berre dels rett til kompensasjon, jfr § 8 i forskrift til kompensasjonslova. Fordeling må skje på grunnlag av at tida som idrettsanlegget vert leigd ut ikkje vert gjeve kompensasjon for. Dersom eit anlegg vert eksplisitt leigd ut 6 timar pr døger, vert det ikkje kompensasjon for 6/24.

Når det gjeld Lindåshallen, er den leiga som Lindås Idrettslag betaler etter skattekontoret si vurdering meir enn symbolsk. For 2014 har idrettslaget betalt til saman kr 342.971 i leige.

Det er opplyst at på dagtid bruker kommunen sin ungdomsskule og barneskule hallen til kroppsøving. På kveldstid står Lindås Idrettslag for det aller meste av bruken av hallen. I innesesongen er det rimelig fullt i hovedhallen i tida 17-21 mandag til torsdag. Lite bruk fredag og i helg. I tillegg vert hallen nytta til bibliotek i det store møterommet og fysioterapeuter bruker aerobichallen i kommunal regi. Anna tilfeldig bruk er kommunale kurs og møte, barnebursdager for folk i bygda, seniordans for Lindås pensjonistlag



mm. Det har i tillegg vore nokre få tilfeller med utleige til kommersielle og brukarar som ikkje høyrer heime i Lindås for 2014.

Skattekontoret ber kommunen gå igjennom bruken av hallen og vurdere om den tida den vert utleigd utgjør meir enn ubetydeleg bruk (5%), jfr forskrift til kompensasjonslova § 9.

Når det gjeld Nordhordlandshallen, blir det krevd kompensasjon med 50% andel. Dette ser ut for å vere utrekna på grunnlag av bruken i 2006 og 2007. Skattekontoret går ut ifrå at bruken har endra seg etter den tid, og ber om at ny oppdatert fordeling vert utarbeida. Til saman har hallen vore utleigd for kr 1.527.709 i 2014. Frå kommunen si side vert det opplyst at ein kanskje har rett på kompensasjon for meir enn 50%, då tidligare utrekning er basert på eigenbruk i høve til total brukstid, og ikkje i høve til 24 timar pr døger.

På dagtid vert hallen brukt av Knarvik Ungdomsskule. Knarvik vidaregåande skule bruker den til kroppsøving. Løpande kontrakt der fylkeskommunen leiger 2/3 av parketthallen inntil 64 saltimar pr veke. I tillegg leiger fylket 1/3 av fotballhallen med same timetal. Samla leigesun ligg i overkant av kr 900.000. Denne kan variere noko år for år, mellom anna etter kor mykje hallen er stengt pga arrangement og vedlikehald.

Skattekontoret legg til grunn at utleiga til fylkeskommunen ikkje gjev rett til kompensasjon. Kommunen har lagt fram 2 timeplanar for parketthall og fotballhall. Innesesongen i fotballhallen går normalt frå 17/1 til 30/4.

Innesesongen i parketthallen (fleirbrukshall) går normalt frå 1/9 – skuleferien. Men både bedriftslag og aldersbestemte lag byrjar og avsluttar sesongen til ulike tider, slik at bruken ikkje er heilt lik månad for månad. Særleg dei siste vekene fram mot skuleåret går aktiviteten ned.

Skattekontoret går ut ifrå at utleiga til idrettslag i Lindås kommune ikkje gjev rett til kompensasjon, då det vert teke pris pr time, og denne prisen er meir enn symbolsk.

Anna fast brukar er Kristen idrettskontakt.

Ledig tid i fotballhall laurdag 08-11: Ein del brukt av lag frå Bergen. Antar at ca 50% av denne tida utnytta i perioden desember – februar. Det same gjeld søndag 08-13, men då 30-40% utnytta i des. – februar.

Kantina er i hovudsak brukt til møte for kommunen på dagtid og eigne idrettslag og kulturorganisasjonar på kveld. Ein del sporadisk utleige til organisasjonar utanffå og andre verksemdar. Til dømes ein del felles møter for landbruket sine organisasjonar. Varierende, antar 1-2 kveldar pr månad i snitt.

Vidare nokre få bprivate festar og konfirmasjonar og 2-3 private festar pr år.

Det er også lista opp ein del andre datoar der Nordhordlandshallen har vore leigd ut til andre enn faste treningstidene (27 datoar). Skattekontoret går ut ifrå at dette er utleige av hallen som ikkje gjev rett til kompensasjon for mva.

Skattekontoret ber difor om at kommunen utarbeider ein ny oppstilling over kor stor del det er rett på kompensasjon for. Skattekontoret legg til grunn at utleiga til fylkeskommunen ikkje gjev rett til kompensasjon. Utleiga til idrettslag gjev heller ikkje rett til kompensasjon så lenge prisen ikkje er heilt



symbolisk. Vederlagsfritt utlån av lokaler til kommersielle aktører fell også utanfor kompensasjonsordninga.

Skattekontoret ber om svar innan 08.06.2015. Svar kan sendast til Skatt Vest Bergen, v/Brigt Strømmen, postboks 1044, 5808 Bergen eller pr mail via www.skatteetaten.no Velg "kontakt-oss, e-post"

Har de spørsmål?

Spørsmål om brevet kan rettast til Brigt Strømmen på telefon 55573576, eventuelt sende epost ved å gå inn på skatteetaten.no/sendepost.

Det er viktig å gje opp referansenummeret eller org.nr./fødselsnr. når de kontaktar oss. Referansenummeret står øvst i brevet under 'Vår referanse'.

Med helsing

Brigt Strømmen
Spesialrevisor
Skatt vest